



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
18/21452-4

Dykkar referanse:
18/1279

Vår dato:
18.06.2018

Uttale – Dispensasjon – Bruksendring – Fv. 404 – gnr 147 bnr. 18 Sellevoll i Lindås kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 06.06.2018 frå Lindås kommune.

Kva saka gjeld:

Lindås kommune ber om uttale i samband med søknad om bruksendring frå fritidsbustad til bustad for gnr. 147 bnr. 18 i Lindås kommune.

Eigedomen har vore nytta til fritidsbustad dei siste 50 år jf. kommunen si saksopplysning, og har påståande bustad og uthus. Bustaden ligg 7 meter frå vegmidte. Det er gangtilkomst til eigedomen frå fylkesvegen. I 1990 vart det søkt om å opparbeide avkøyrsla og parkering for eigedomen. Denne avkøyrsla er lokalisert på motsett side av fylkesvegen. Det er søkt om bruksendring av avkøyrsla etter veglova i eigen sak.

Saksgang:

Eigedomen ligg i eit område som er avsett til landbuk-, natur og friluftsføremål (LNF) jf. arealdelen av kommuneplan for Lindås. Tiltaket treng difor dispensasjon frå arealføremålet.

Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. plan- og bygningslova § 19-2. Vi har og klagerett i slike saker.

Uttale:

Statens vegvesen legg til grunn kommunen si tolking at eigedomen har vore nytta til fritidsbustad over lengre tid. Dette er også i samsvar med at det vart søkt om avkøyrsla / parkering til ein fritidsbustad i 1990. Når det vert søkt om bruksendring er det naudsynt med eit nytt løyve etter veglova, både for avkøyrsla og byggjegrænse langs veg. Ein må leggje til grunn dagens krav ved behandling av ein slik søknad.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Fylkesvegen er svært smal på denne strekninga og har berre ei køyrebane. Det er ikkje tilrettelagt for mjuke trafikantar. Fartsgrensa på staden er 50 km/t og årstdøgertrafikken (ÅDT) er 800. Vegstrekninga er klassifisert til *Haldningsklasse 3* jf. *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegranser på riks- og fylkesvegar i Region vest (2017 – 2020)*.

Byggjegrænse:

Byggjegrænse skal ivareta trafikktryggleiken, vegvedlikehaldet og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet langs vegen.

Arealdelen av kommuneplan for Lindås har eigne føresegner om byggjegrænse langs veg jf. *7. Generelle føresegner og retningslinjer. Pkt. 1.6*. Føresegnene seier at det er 15 meter byggjegrænse frå vegmidte. Det er Lindås kommune som skal handsame søknad om dispensasjon frå byggjegrænse langs veg.

Hordaland fylkeskommune har nyleg vedtatt ny rammeplan, som er ei strekningsvis vurdering av riks- og fylkesvegar i Region vest. Rammeplanen er retningsgjevande for korleis vi vurderer ein søknad om dispensasjon frå byggjegrænse. Planen legg til grunn ei byggjegrænse på 30 meter frå vegmidte på denne strekninga, noko som er ei strengare haldning enn kommunen sine eigne føresegner.

Bustaden ligg 7 meter frå vegmidte til fylkesveg 404. Rammeplanen legg til grunn at ein normalt sett ikkje skal gje dispensasjon for oppføring av bustad og fritidsbustad innanfor 15 meter frå vegmidte, uansett haldningsklasse. Grunnen til dette er mellom anna ulempa det medfører å bu tett langs trafikkert veg. Større køyretøy og meir trafikk påfører bustadene større miljøbelastningar enn tidlegare. Andre moment er mellom anna at det vert auka aktivitet tett opp til vegbana, og risikoen for uhell aukar til dømes i samband med borns lek.



Vegbilette 2017. Fritidsbustad og parkering er synt med blå pil.

Tilkomst

Det er i dag berre gangtilkomst frå fylkesvegen til eigedomen. Dette betyr at all ferdsle til og frå eigedomen går rett ut i fylkesvegen. Gangtilkomsten er ikkje tilfredsstillande utforma, og har dårlege siktforhold. Det er viktig for trafikktryggleiken at dei gåande er godt synleg for å unngå påkøyrslar eller til dømes kraftig nedbremsing dersom personar kjem ut i vegbana. Dersom ein opnar for bruksendring vert det ein vesentleg auka bruk av denne tilkomsten, noko som aukar risikoen for ulykker.

Det er eit krav jf. plan og bygningslova §27-4 at byggetomta skal vere sikra lovleg adkomst til veg som er open for allmen ferdsle. Kommunen må vurdere om gangtilkomst tilfredsstiller dei krav lova sett, til dømes tilgjenge i samband med brann.



Vegbiletet (2016) syner gangtilkomst til eigedomen.

Avkøyrslar:

Det er til søknaden lagt ved dokumentasjon på eit løyve frå 1990 med rett til å opparbeide avkøyrslar til parkering for fritidsbustad på motsett side av fylkesvegen. Vi har ikkje fått dokumentasjon på at det er gjeve løyve til bruk av avkøyrslar. Vi har difor bedt Statsarkivet finne dokumentasjon på at det er gitt eit slikt løyve. Vi vil uansett peike på at det er ei svært uheldig løysing å ha parkering og bustad på kvar si side av vegen.

Sluttord:

Etter ei samla vurdering vil vi rå i frå at det vert gjeve bruksendring til bustad på gnr. 147 bnr. 18 i Lindås kommune. Grunnen til dette er at ein får auka bruk av ein eigedom og bygningsmasse som ikkje er tilpassa dagens forhold.

Bustaden er plassert 7 meter frå vegmidte. Forutan ulemper ved å bu tett på offentleg veg, er det også behov for areal langs veg for mellom anna drift av vegen, og framtidig behov for areal til utviding av vegen. Vi er svært kritisk til å gje løyve til bustad så tett på fylkesvegen.

Plan og bygningslova stiller krav at byggetomta skal ha tilfredsstillande tilkomst. Lindås kommune må vurdere om gangtilkomst til ein eigedom er tilfredsstillande i høve til dei krav lova setter.

Det er søkt om endra bruk av avkøyrsløse. Statens vegvesen venter på svar i frå Statsarkivet om det er gjeve løyve til bruk av avkøyrsløse på motsett side av fylkesvegen. Det vil i så fall krevje ei bruksendring av avkøyrsløse dersom Lindås kommune gjev dispensasjon til bruksendring av bustaden.

Vi ber om å få tilsendt kommunen sitt vedtak til klagevurdering.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.